

Arbeidsgruppa si innstilling til Klimasnuprisen 2020

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane vi står overfor. Statsforvaltaren skal medverke til gjennomføring av den nasjonale klima- og miljøpolitikken. Arbeidet for å bidra til reduserte klimagassutslepp i fylket skal prioriterast. Vi skal også bidra til at samfunnet blir godt budd på, og tilpassa eit klima i endring. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har derfor klimaomstilling som eit satsingsområde i perioden 2020-2024. Satsinga har fått namnet Klimasnu. Visjonen for Klimasnu er Møre og Romsdal som klimanøytralt samfunn, godt tilpassa eit klima i endring.

Klimasnuprisen skal delast ut i satsingsperioden som påskjøning for:

- særleg engasjement og resultat i arbeidet med klimavennleg omstilling i Møre og Romsdal
- å ha bidratt aktivt med å finne fram til eller auke bevisstheita om løysingar på klimautfordringane, utan at det har gitt vesentleg negativ effekt på andre berekraftsmål. (Løysingane kan gjerne vere lokale og eksempelvis knytt til energibruk, avfall, innkjøp, transport eller tilpassing til klimaendring)

Kriterium for tildeling

- Oppnådde resultat som vil gje fylket ei positiv utvikling med omsyn til klima.
- Overførbart og til inspirasjon for andre
- I tråd med FNs berekraftsmål

Innsende forslag til nominasjon:

Det kom inn ti forslag til nominasjon i 2020. Lista over nominerte følger vedlagt. Fire kandidatar vart funne å vere mest i tråd med kriteria for tildeling. Desse vart vurdert vidare av arbeidsgruppa.

Innstilling:

Arbeidsgruppa innstiller, Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre og Sunnmøre regionråd til vinnar av prisen.

Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre består av kommunane Ålesund, Vestnes, Sykkylven, Sula, Stranda, Fjord, Giske, Hareid, Herøy, Ulstein, Sande, Vanylven, Ørsta og Volda.

Samla har kommunane eit befolkningsgrunnlag på ca. 150 000 innbyggjarar.

Samarbeidet er leia av Konserninnkjøp som er Ålesund kommune sin sentrale anskaffingsfunksjon.

Sunnmøre regionråd, gjennom klimanettverket på Sunnmøre, tok initiativet til å opprette prosjektet *Kompetansehevande tiltak for miljøvennlege innkjøp*. Anna Zäll vart deretter tilsett i Konserninnkjøp i Ålesund kommune for drifte prosjektet.

Grunngjeving:

Det offentlege kjøper inn varer, tenester og bygge- og anleggsarbeid for over 500 milliardar kroner årleg. Offentlege innkjøp har derfor ein stor og viktig rolle for å spørje etter klimavennlege løysingar og realisere nye fornybar og utsleppsfri løysingar.

Prosjektet *Kompetansehevande tiltak for miljøvennlege* omfattar ein stor del av Møre og Romsdal. Prosjektet har allereie oppnådd resultat som har gitt fylket ei positiv utvikling med omsyn til klima ved å inngå rammeavtaler med fokus på miljø og klima. Dei har mellom anna inngått rammeavtaler for skole- og kontormøblar med fokus på ombruk, reparasjon og oppussing. Prosjektet vil vidare gje ei framtidig positiv utvikling i fylket ved å førebu marknaden på framtidige klimakrav innan transport, samt at dei utviklar rettleiing og prosedyrar for grøne innkjøp for kommunane på Sunnmøre innan transport, bygg og anlegg, emballasje, plast og mat.